Sak 53-12

Studieutvalet ved Det juridiske fakultet, UiB

Bergen

Jørn Øyrehagen Sunde

Det juridiske fakultet, UiB

Postboks 7800

5020 Bergen

jorn.sunde@jur,uib.no

Bergen 21.08.2012

Søknad om utvida tid på heimeeksamen i JUS134, om utvida ordgrense, og om kanalisering av ressursar frå strykkontroll til samkaraktersetjing av vanskelege oppgåver

I år vart det for andre gong arrangert heimeeksamen i JUS134. Resultatet var over all forventning, og ordinga vil verta gjennomført neste år òg, men vonleg med visse endringar.

Heimeeksamen vart innført fordi mange fekk problem med å reflektera og skriva ut sine resonnement på skuleeksamen. Tanken var at med betre tid ville studentane i større grad skriva ein eksamen som reflekterte deira kunnskaps- og refleksjonsnivå. Det oppnådde ein gjennom færre E- og D-oppgåver, og fleire C- og B-oppgåver då det for fyrste gong vart gjennomført heimeeksamen våren 2011. Det karakternivået var i seg sjølv tilfredsstillande.

Men med tanke på at det var nesten 450 studentar som tok eksamen i eit kurs for eit kull på 350, var det grunn til å tru at ein mellom E- og D-kandidatane finn ganske mange gjenntaksstudentar som hadde lite tid til å lesa seg opp. Då det vart arrangert heimeeksamen for andre gong våren 2012 var det 326 studentar som levert eksamen, og denne gongen vart det nesten ikkje gjeve karakteren E, og enno færre hadde karakteren D, medan fleire hadde C og B. Dette til trass for at eksamensoppgåvene var svært krevjande.

Heimeeksamen har altså gjeve studentane betre høve til å visa kva kunnskap dei har, og kva evne til å bruka kunnskapen dei har tileigna seg. Men ein utilsikta verknad av eksamen var læringseffekten av å arbeida intens med stoffet over to døgn. Frå C-oppgåvene og oppover kunne ein lesa mellom linjene kva samanhengar kandidatane oppdaga under arbeidsprosessen. Og ein del av karakterløftet skuldast faktisk den læringa som skjedde under sjølve eksamen. Men lengre eksamenstid vil ein oppnå meir læring. Samstundes skuldast noko av læringa den intense arbeidsperiode, og ein bør ikkje utvida eksamenstida til meir enn tre døgn.

Med lengre tid vil studentane kunna reflektera meir over alle eksamensdelane, og dermed vil karakternivået heva seg enno meir. For at arbeidet studentane legg ned eksamensoppgåve skal kunna reflekterast i sjølve det skriftlege arbeidet, bør ordgrensa hevast frå 4000 til 5000 ord.

Sensuren på heimeeksamen har vore krevjande. Litt av poenget med heimeeksamen var å gje store og opne oppgåver som gjorde at kandidatane kunne forma svara meir på sin eigen måte enn etter ein mal. Dette gjorde at sensorane ikkje kunne følgja ei smørbrødliste over tema som måtte handsamast, men måtte bruka skjønn for å vurdera heilskapen i eksamen. For å letta deira arbeid bør strykkontrollen kanaliserast til ein samkaraktersetjing på vanskelege oppgåver. Det var bare ei oppgåve som strauk i år, og dei ressursane som dermed vert frigjevne bør ein bruka til ei ordninga der faglærar kan vera andresensor på inntil 10% av oppgåvene i kvar kommisjon som sensor føler er vanskelege å karaktersetja. Det bør òg veljast ut ein av sensorane som er andresensor på dei oppgåvene faglærar vil ha ein samkaraktersetjar på.

Venleg helsing,

Jørn Øyrehagen Sunde

Merknad fra administrasjonen

Den vedtatte eksamensmatrisen (SU mars 2012) for studieåret 12/13, har satt opp hjemmeeksamen i JUS134 Rettshistorie og komparativ rett fra onsdag til fredag i uke 24 (12. – 14. juni). Tirsdag i samme uke er det satt opp skoleeksamen i JUS123 Forvaltningsrett II. Det er ikke ønskelig med flere kollisjoner enn det vi allerede har i eksamensmatrisen (JUS134 Rettshistorie og komparativ rett kolliderer med JUS243 Allmenn formuerett og med JUS112 Arve- og familierett), og vi kan derfor ikke uten videre starte hjemmeeksamen i JUS134 Rettshistorie og komparativ rett en dag tidligere. Vi kan heller ikke sette innlevering til en lørdag, ettersom vi må sikre oss at både administrative og IT-tekniske ressurser er tilgjengelig ved innleveringen.

Det viser seg imidlertid at den vedtatte eksamensmatrisen har en "ledig" dag mandag 10. juni. På forespørsel har kursansvarlig for JUS123 Forvaltningsrett II sagt seg villig til å flytte sin eksamen en dag fram, til 10. juni (e-post 21. august 2012). Det betyr at tirsdag 11. juni frigis for hjemmeeksamen i JUS134 Rettshistorie og komparativ rett. Det foreslås derfor at denne eksamen starter en dag tidligere og følgelig varer den dag lenger.

Det er ikke foreslått endring i tidspunktet for utlevering/innlevering. Vedtaket om kl 13 for begge deler opprettholdes.

Avhengig av en slik utvidelse, søkes det også om utvidelse av ordgrensen, fra 4000 til 5000 ord. Det vises til forslaget – administrasjonen har ingen merknader til dette, utover at vi legger til grunn at det ikke vil generere ytterligere kostnader knyttet til eksamen (sensorene honoreres på samme måte som for besvarelser på 4000 ord).

Til forslaget om "sensurveiledning" for inntil 10 % av besvarelsene: Kursansvarlig opplyser at denne ordningen vil komme i tillegg til den ordinære nivåkontrollen. I forslaget er dette framsatt som alternativ til stryksensur (rent arbeidsmessig). I praksis vil det antakelig være det – i alle fall i noen semestre. På den annen side er vi bundet til å ha annensensur for alle strykbesvarelser, sånn at de semestrene det eventuell måtte bli flere/mange stryk, vil disse kostnadene i alle tilfeller komme i tillegg.

Vi har ikke rukket å utrede hva det vil koste å tilby slik "sensurveiledning", og det vil være mulig å utsette denne delen av vedtaket hvis man anser at det trengs en utredning; resten av forslaget/vedtaket er ikke avhengig av svaret på dette.